



# Seljord kommune

## **AVTALE OM EKSTERN PÅLOGGING AV KOMMUNAL SERVER**

Seljord kommune har ein kommunal dataserver som er drifta av AspIT. Normalt må ein vere kopla opp mot det kommunale datanettverket for å få tilgang til serveren.

Kommunen ynskjer at alle kommunale dokument vert lagra på den kommunale dataserveren. Dette for å ivareta tryggleiken, men og for å ha ei god løysing med omsyn til tilgang og arkivering av kommunale dokument.

Ein del arbeidstakarar i kommunen har avtale om eigen jobb-pc. Dette gjeld i særleg grad lærarar og personar i administrative stillingar.

Avtale om ekstern pålogging av kommunal server inneber at ein får tilgang til kommunen sin server via ordinær Internettilgang. Grunngevinga for avtala er at personar treng å kome inn på den kommunale serveren for å kunne utføre nødvendig jobbrelatert arbeid vekk frå arbeidsplassen.

Dette endrar ikkje på avtale om oppmøte og arbeidstid.

Den enkelte arbeidstakar har også ansvar for å hindre at uvedkomande får tilgang til kommunal informasjon ved bruk av den kommunale pc-en.

Avtale om ekstern pålogging av kommunal server skal avgjerast av rådmann, og alle søknadar skal gå via avdelingsleiarane. Tekniske oppkoplingar skal utførast av AspIT, og vil berre bli gjort på kommunen sine egne pc-ar.

Arbeidstakarar som får innvilga avtale om ekstern pålogging av kommunal server, pliktar å halde seg til retningslinjene som er nemnde over.

Arbeidstakaren skal også ha lest og forstått kommunen sine reglar for bruk av berbar PC som er vedlagt denne avtalen.

Seljord, .....

.....  
(underskrift, arbeidstakar)

.....  
(underskrift, leiar)